



**Lindås Kommune
Byggesak**

HJELMÅS, 03.03.2016

Redegjering for val av taktype / visuelle kvalitetar – gbnr 24/4

Me viser til kommunen sitt skriv av 25/02-16 der ein ber om vårt syn på estetikk i omsøkt tiltak.

Så langt me kan sjå har ikkje kommune eigne retningslinjer for estetikk i området eigedomen ligg. Området har ein variasjon av bygg med tanke på både takformar og arkitektur elles, og kan ikkje seiast å ha ei heilhetleg preg etter vår vurdering. Dog kan ein registrera at mange av bygga i området har tradisjonell stil, ofte med ark.


Ark har vore ein mykje nytta takform i regionen, og er noko ein typisk finn på gamle gardshus. Tiltakshavar sitt ynskje er å oppnå nettopp dette preget på bustaden. Det vil på eit seinare tidspunkt kunna bli aktuell å byggje om takoppløftet til ei ark, men av økonomiske grunnar vert det ikkje tatt med i denne fasen.

Vår vurdering har vore at påbygget i denne saka kjem på nord-aust vendt fasade, og det er i praksis den einaste (langside) fasaden på bygget som er synleg utan å ta seg inn på sør-vest sida av eigedomen.

Frå vegen på nord-aust sida er takoppløftet så å seie ikkje synleg i det heile tatt.

På sør-vest sida er det beitemark, og soleis ingen som oppheld seg anna en tiltakshavar eller andre som er involvert i drifta av marka.

Nabo mot nord-vest vil kunna sjå det frå ulike deler av eigedomen. Denne naboen er varsla og godt orientert, og har ingen merknader til tiltaket.





MESTERHUS
– det blir som avtalt

Bilda under er tatt frå ulike retningar og mot bygget og viser kva ein vil sjå når ein passerer. Begge bilda viser og at ein må bevega seg ganske langt inn på eigedomen før ein i heile tatt ser fasaden mot sør-vest.



Bilde tatt frå Nord



Bilde tatt frå sør-aust

Me har vurdert det til at ark på eine side, sjølv om det er takoppløft på den andre, ikkje vil foringa den visuelle kvaliteten på eigedomen, og ein vil uansett ikkje «oppleva» begge sider samstundes. Vidare vil det etter vårt syn heva det visuelle uttrykket forbipasserande får, og vera meir i stil med tradisjonen i området, å byggja ark som omsøkt.

Ein har og vurdert uttrykket, og praktiske konsekvensar, for dei ulike taktypane. Det vil etter vår meining verta mindre «ruvande» med ei ark en med takoppløft. Eit takoppløft medfører ei større og meir «ruvande takflate». Ved å byggje ei ark vil høgdekjensla verta redusert gjennom takflata som kjem «ned» på sida, sjølv om topp møne er høgare i forkant. Dette heng saman med at takflata har ein dempa svart farge, medan ein vegg på eit takoppløft vert kvit som resten av


Kålås & Sonn
BYGGEVAREHANDEL

Sauvågen 83, 5915 Hjelmås, Tlf.: 56 35 33 70, Fax.: 56 35 34 81

www.mesterhus.no



bygget. Samstundes bryt ein opp takflata ved bruk av ark, slik at den for eit mindre «ruvande» uttrykk totalt sett.



Tenkt takoppløft er vist i snitt til venstre.

Av snittet kan me sjå at for å oppnå 2,4m takhøgde ytterst i påbygget må ein heilt ned i 5° takvinkel. Det er ein så låg takvinkel at det vanskeleg let seg tekka med materiell som harmonerer med resten av takflata, og er så låg at den er uheldig i forhold til avrenning av både vatn og snø. Skal ein få 17° vinkel, slik som på motsett side, vert den innvendige høgda i ytterkant under 2,0 meter, dette er vist med stipla linie.

Til sist viser me til nokre bygg med ark på ei side og takoppløft på den andre. I bildeteksten er det skreve på kvar dei er tatt. Ingen av desse bilda syner bygg som framstår på ein spesielt skjjemmande eller dårleg måte etter vårt syn.



Leknesvegen 359



Mykingvegen 245

Det er som nemnt vurdert kor vidt dei 2 takformene er synlege for «folk flest» og ein har kome til at dei i praksis ikkje er det. Dette har me vurdert saman med tiltakshavars sterke ynskje om ei ark, og at takoppløftet er ynskt ombygd til ark på eit seinare tidspunkt. Når ein legg til konsekvensen for takvinkel for eit takoppløft, og det materialet ein då må bruka for tekking, meiner me at det samla sett vert vurdert til ein grei estetisk karakter, og at valt løysing er tilpassa området, tiltakshavars ynskje og byggtekniske forhold på ein god måte.

Med vennlig helsing
Kålås & Sønn Byggevarehandel AS
Lars Alvær Hagesæter